




Brattvåg Rotaryklubb

Medlemsbrev nr 4, 2014/2015

April, mai og juni

President Geir Magne Ingeborgvik



Redaksjonskomité: Lidvar Sunde, Rolv Rørhus, Jan Huse, Torstein Slyngstadli, Magne Lundemo

07.04.2015 – Marit Gaustad Flyktningekonsulent

President Geir Magne opna møtet til vanleg tid og ønskte Svein Magne til lukke med vel overstått åremålsdag den 3. april. Han orienterte også om at fleire av våre medlemmer møter på Ålesund Øst sitt jubileum.

Presidenten presenterte så flyktningekonsulent Marit Gaustad, som dagens foredrags-haldar. Ho takka for invitasjonen og sa at det er ti år sidan ho var i rotarymøte sist. Ho starta i jobben i 1988. Den første familien ho tok mot hadde to små gutar. Den eine av dei er no Øyvind Haugen sin etterfølgjar som lege på kontoret i Brattvåg. Integrering skjer ikkje over natta. Men dei flyktningane ein har teke mot i Haram har blitt svært godt integrert. Dette har ein data på frå undersøkingar som har vore utført. Ho rosa folk og særleg næringsdrivande i Haram for deira medverknad til dette. Dei fleste seier at den dagen dei fekk nøkkel til eigen bustad var den dagen dei først følte seg integrert. Det at folk helsar på dei og kjenner dei att, gir også den same kjensla. Ein har nyleg hatt ei trasig sak i retten, med bakgrunn frå vår kommune. Den kan ha sett integreringa i Haram i eit uheldig lys. Men saka må sjåast som eit unntak.

I si tid har Gaustad teke mot ca.

400 innvandrara sidan 1989, og mange bur her framleis. Svært mange kom frå Bosnia, og dei har berika Haram kommune på mange måtar. Fleirtalet av dei var muslimar, som praktiserer religionen sin på ulike vis.

Mange kjem ulukkelege, frustrerte, traumatiserte og nokre kan vere aggressive. Dei må ha hjelp inn i eit opplegg med bustad, arbeid og språkopplæring. No er vi inne i det som vert kalla Syria-perioden. Dei minner mykje om dei som kom frå Bosnia. Dei er ribba for alt, inklusive sjølvbiletet. Så opplever dei at dei har trekt «det store loddet» i livet, men så kjem det store «kultursjokket». Alle må «der ned» for så å bygge seg opp att. Det inneber m.a. å seie ja til å prøve nye ting m.m.

Av 25 syrarar er der relativt mange kvinner. Omtrent halvparten er «hijab-flyktningar» og gøymer seg for omverda inne i den. Andre kastar hijaben og blir europearar relativt fort. Mellom dei to gruppene er der stor avstand, som grensar til gjensidig forakt. Språkopplæringa er sjølv-sagt svært viktig, men like viktig er det å få praktisert språket. Nokre har gode kunnskapar i engelsk og klarer seg bra med det. Dei kan mangle motivasjon for å lære seg norsk.

Arbeidsinnvandrarane er ei gruppe som ikkje kjem inn under

flyktningekonsulentent sitt felt. Men barna deira sit i klasserommet saman med flyktningebarna, og er i liknande situasjon.

Bustader er eit problem. Ein har ikkje nok kommunale bustader. Mange skaffar seg eigne bustader, men det tek sjølv-sagt ei viss tid før dei kan klare det. Det er sjeldan kommunen sitt praksistilbod vert den endelege arbeidsplassen. Det er oftast arbeid dei har skaffa seg sjølv. Og det er lite etnisk blanding i samband med ekteskap. Dei vel stort sett partnarar med same etniske bakgrunn.

Gaustad avslutta med ei påminning om at det er framleis stort behov for praksisplassar.
Ref: Torstein

14.04.2015 – Robin Røkke Johansen / Redaktør i Nordre

President Geir Magne opna møtet til vanleg tid og gratulerte Bjørn Johnsen med fylte år den 8.april. Han helsa vidare frå 50-årsjubileet i Ålesund Øst. Dei har laga ei oversikt over klubben si historie, som vil bli gjort tilgjengelig.

Presidenten gjekk så over til det høgtidlege opptaket av tre nye medlemmer. Desse var Elin Kolsvik Fagerli, Elisabeth Davik og Randi Ulla Nogva. Dei vart presenterte etter tur for oss andre i klubben og ønskte velkomne med akklamasjon.

Dagens foredragshaldar var Robin Røkke Johansen, redaktør i Nordre. Han innleia med å seie at han har både det redaksjonelle ansvaret og det «straffbare» ansvaret i lokalavisa. Han har busett seg på Lepsøya, har kjøpt seg hus der og trivst godt. Han har også prøvt seg på krabbe-fiske.

Han presenterte så nokre gladsaker som avisa har presentert, men dei får stadig kritikk for negativ vinkling av stoffet. Sjølv hevda han at der er mykje meir positivt stoff enn det motsette. Han har også opplevd at annonsørar har truga med å slutte å annonsere, dersom avisa tok opp ei viss sak. Dette måtte han sjølv sagt gå ut mot i avisa. «Eg trur eg har den mest spennande jobben av alle her i rommet», sa han. «Det er ikkje rett», svara ordførar Bjørn Sandnes frå salen – til smil og latter frå resten av tilhøyrarane.

«Prøv Brattvåg først», var ein reklamekampanje avisa sette i gang, saman med næringsdrivande i Brattvåg. Ei avis er avhengig av annonseinntekter. Men det redaksjonelle stoffet, avisartiklane, kan ikkje innehalde reklame. «Påskeavisa» var eit nytt prosjekt med noko anna format og innhald enn elles, men med lokal vinkling heile tida. Det vart svært godt motteke.

Det vart så opna for spørsmål. Og det første som kom opp var spørsmål om hans bakgrunn. Han kom frå Malvik utanfor Trondheim, og arbeidde i «Malvikposten». Men han har også bakgrunn som journalist i Natio-nen og Finnmark Dagblad.

Det kom så opp spørsmål om utviding av dekningsområdet med satsing mot Skodje. Han meinte

dei har lukkast godt med det. Men om det har lønt seg økonomisk er ikkje så lett å vurdere. Nokon fiasko har det i alle fall ikkje vore. Kritisk journalistikk må også ei lokalavis stå for, sjølv om ein risikerer kritikk. Spørsmålet er om ein har kapasitet til å gå inn i kompliserte saker.

Avisa fekk elles skryt for nynorsken. Men det vart stilt kritisk spørsmål om for mykje fotballstoff. Redaktøren forsvarte avisa med at fotball er folkesporten framom nokon annan. Dei har i prinsippet ei nettavis, nordre.net, men det er nok ikkje ei fullverdig nettavis. Dette heng saman med bemanning og ressursar i avisa. Inntening på annonser i ei nettavis er også betydeleg dårlegare enn ei papiravis. Dei merkar nok også konkurransen frå Bygdabladet på annonse-marknaden.

Frå salen vart der sagt at det er viktig at avisa ikkje skaper splid mellom bygdelaga i kommunen. Men det er sjølv sagt viktig å informere om det som i realiteten skjer i bygdene.

Ref.: Torstein

21.04.2015 – Fritt møte

Det var fritt møte. President Geir Magne ønskte vel møtt og merka seg at vi ikkje var særleg mange.

Før møtet hadde det vore eit komitemøte i samband med det planlagde «intercity-møtet» i samarbeid med Vard. Det går invitasjon til naboklubbane til dette møtet. Anne Marit held 3-minuttsinnlegg. Ho tok for seg nokre «håplause» eksempel på «junk-mail» ho har sett på Vard sin e-postkonto. Ho refererte eit par lange brev frå «unge damer» som ville ha ein bankkonto, for

så å overføre ein stor sum pengar til denne kontoen. Det mangla ikkje på generøse tilbod om presentar osv. Felles for desse forsøka på svindel er at dei er på jakt etter personopplysningar og bankkonto. Mange har avsendarar på Elfenbeins-kysten.

Dei fleste av oss har vel erfaringar frå liknande forsøk på svindel, og det kan virke som om omfanget har auka. Ein må derfor vere vaken og halde seg med gode sikkerheitsprogram, som lukar bort slike e-postar. Resten av kvelden fekk vi ein god prat kring borda. Det vart m.a. utveksla erfaringar frå våronn og reiser i inn og utland.

President Geir Magne avslutta møtet med å minne om at neste møte vert dugnad i parken i Brattvåg og kyrkjegarden på Vatne.
Ref: Torstein

28.04.2015 – Dugnad ved Brattvåg Kyrkje

Dugnaden i Brattvåg og på Vatne vart avvikla under gode vertilthøve. Det vart også servert kaffe og kaker i paviljongen.
Ref: Torstein

05.05.2015 – Kyrkja i Haram ved Jostein Garcia de Presno

Jubilantar: Ove (60), Sindre (70), Arne (62)

Presidenten takkar alle som tok del under dugnaden ved kyrkja/i parken for framifrå innsats!

Kveldens hovedgjest var Jostein Garcia de Presno, kyrkjeverje i Haram. Tittelen kyrkjeverje er 1000 år gammal, men stillinga i Haram er relativt ung og han fungerer som dagleg leiar for kyrkja lokalt i kommunen med kyrkjebygg og gravplassar som

hovedarbeidsområde. Jostein er sjølv av misjonærslekt, gift med ei dame frå Ellingsøya. Til hausten skal han ut i 1 års permisjon for å arbeide med andre oppgåver.

Den Norske Kyrkje i Haram har ca. 7000 medlemmer i Haram, ca. 80 % av det totale innbyggjartalet. I Haram kjenner ein til kyrkjelege aktivitetar frå om lag 1000 år sidan. Kommune har i dag fem sokn, seks kyrkjer, ni gravplassar og 20 tilsette.

Haram kyrkjelege fellesråd, 2011-2015, har 7 medlemmer: Peter Odd Bjørkhaug, Brattvåg sokn (leiar), Norunn Wuttudal, Fjørtoft sokn (nestleiar), Jørgen Kjærstad, Haram sokn, Ida Krog-sæter, Vatne sokn, Frode Urke, Hamnsund sokn, Peder Tomren, sokneprest, Bjørn Sandnes, Haram kommune.

Fellessrådet sine oppgåver er heimla i kyrkjelova, gravferdslova og tilhøyrande forskrifter. Dei viktigaste oppgåvene til fellesrådet er:

Ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna i kommunen

Utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen

Fremje samarbeid mellom sokneråda i kommunen og ivareta sokna sine interesser i høve til kommunen

Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjebygga

Opparbeiding, drift og forvaltning av gravplassane

Arbeidsgjevaransvar for dei kyrkjelege tilsette i kommunen, utanom prestane

Drift av kyrkjekontor

Gjennomføre kyrkjeval (Sokneråd og Kyrkjemøtet)

Sokn og kyrkjer i Haram:

Brattvåg sokn: Brattvåg kyrkje (1977), Hildre kyrkje (1934)

Vatne sokn: Vatne kyrkje (1868). Her har vore kyrkje sidan 1400-talet, kanskje før.

Hamnsund sokn: Hamnsund kyrkje (1875)

Haram sokn: Haram kyrkje (1878). På Haram har det vore kyrkje sidan 1000-talet.

Fjørtoft sokn: Fjørtoft kyrkje (1878). Kyrkje på Fjørtofta sidan 1300-talet

Gravplassar i Haram
Brattvåg (1944), Fjørtoft (1810), Hamnsund (1875), Haram (1838), Helland (1934), Hildre (1907), Lepsøy (1927), Longva (1926), Vatne (1761),
Ref: Magne

12.05.2015 – Naudnett ved brannsjef Stig Fjørtoft

Stig starta foredraget sitt med ein historisk oversikt over sambandsutviklinga i naudetatane. Fram til 1993 var det telefoni, først manuelt, seinare automatisert, som ble brukt. I 1993 tok ein i bruk UHS som har fungert fram til 1. mai i år då det nye naudnett vart tatt i bruk i Møre og Romsdal. Denne nyvinninga har kosta 6 mrd. kroner og vil i løpet av året vere innført i heile landet. Det nye naudnett representerer mykje nytt og gir brukarane eit langt betre og meir allsidig reiskap enn det gamle:

- Eit heilheitleg og moderne digitalt kommunikasjonssystem
- Nye styringseiningar for telefoni og samband i 110-sentralane.
- Sikkerheitsalarm

- GPS-posisjonering
- Kontrollert tilgang av brukarar
- Avlyttingsikkerheit
- SDS-meldingar (SMS)
- Statusmeldingar
- Utalarmering (Call-out – radio personsøkjar – melding tilbake)
- Bedre dekningsgrad/større kapasitet
- Prioritetsstyring
- Reserveløysingar ved feil i nettet
- Produkt og talekvalitet
- Gruppekommunikasjon
- Direkte modus

Viktige forventa forbetringar:

- Klårare tale
- Bedre utandørsdekning
- Støydemping, bakgrunnstøy filtrert
- Kort oppkoplingstid for samtale
- Næraste, rette ressursar utalarmert frå 110-sentralen
- Utalarmering ved tilbake-melding
- Sikkert samband – avlyttings-sikra og med god kapasitet, reservestraum m.v.
- Felles talegrupper; politi – brann – helse

Stig viste så ein video som demonstrerer korleis systemet virkar ved eit tenkt tilfelle.

Til slutt ga han ein kort demonstrasjon av korleis ein raskt oppnår kontakt med 110-sentralen via det nye naudnett.

Ref.: Magne

12.05.2015 – Dugnad langs Synnalsvatnet

Det møtte 13-14 medlemmer til denne dugnaden. Styrken vart delt i to, dei fleste dreiv med finrydding av vegkantane etter

maskinell handsaming av Terje Otterlei. Gjenstående stubbar og småtre som stod att vart fjerna langs vestsida av vatnet. Ein mindre gjeng reparerte ei falleferdig bru like sør for demninga. Takk for innsatsen!

Ref.: Magne



26.05.2015 – Kommunereforma ved ordførar Bjørn Sandnes

Anders Lausund hadde bursdag i dag.

Bjørn starta med bakgrunnen, nemleg ei brei semje i Stortinget om å sjå på ei ny kommune-reform med ønske om å skape meir robuste kommunar som kan takle nye og meir utfordrande oppgåver.

Det ligg føre ein nasjonal framdriftsplan som skal vare fram til juni 2017 (2020).

Utvikling i talet på kommunar i landet:

1957: 744

1966: 454

1997: 435

2014: 428

2020: ?

I Møre og Romsdal har ein lagt opp til følgjande gjennomføringsplan:

Fase 1: Oppstart 2014

Fase 2: Utredning 2015

Fase 3: Beslutning 2016

Dei viktigaste argumenta for kommunale samanslåingar er:

- Kan løyse fleire oppgåver

- Samfunnet endrar seg

- Behov for ein meir heilskapleg organisering av tenesteytinga i regionane.

For Haram har kommunestyret skissert tre alternativ som er under utgreiing:

1: Regionkommune Sunnmøre

2: Landkommune

3: Eigen kommune, evt i lag med Sandøy

Ref.: Magne

02.06.2015 - Fisketur

Då var dagen komen for den årlege fisketuren, ca. 30 medlemmar møtte i Småbåthamna – Svanhild si hytte på Dryna er under litt oppussing for tida, så vi måtte bruke alternativt lokale i år. Veret var variabelt, for det meste nordavind og regnbyger. To båtar med ca. 7 fiskarar sørga for kveldens fangst som for det meste var sei – samt ein einsleg kroppung. I tillegg sørga Kameratskapskomiteén for reker, loff, diverse tilbehør og god drikke. Dette laga god stemning ei eit fullsatt klubbhus i Småbåthamna, anna program var ikkje nødvendig. Takk til skipsreiarane Magne Skår og Jostein for lån av båt på ein litt ruskete og kald dag.

Ref.: Jan H


09.06.2015 – Dugnad på Brattholmen

Denne ble avlyst på grunn av dårlig vær – sørvest liten kuling med økning til stiv kuling ut på kvelden.

Ref.: Lidvar

16.06.2015 – Vatneosen

Det var ca. 25 fremmøtte denne kvelden. Thomas Vadset rodde båten og Torstein var som vanlig, grillmester. «Tennfjord gjengen» stod som vanlig for et ypperlig arrangement med dekket festbord, ute i det fri, med en malerisk utsikt innover Engesetdalsvatnet, badet i sol og med blå himmel som ramme. Takk for en flott opplevelse, vi gleder oss allerede til neste år. Ref.: Lidvar



Bilder frå Vatneosen

19.06.2015 – Arrangement med naboklubber - Vard

Om lag 60 forventningsfulle rotarymedlemar samla seg utanfor Vard Brattvaag i sekstida fredag – dei kom frå Sula, Ålesund, Ålesund Øst, Vestnes, Giske, Ørskog, Spjelkavik forutan vi frå Brattvåg.

President Geir var leiar for arrangementet, og haldt orientering om Vard sine skipsverft i kantina. Deretter gav han ordet til Per Stian Reitan, som er prosjektleiar for bygg nr. 802, eit ankerhandteringsfartøy under bygging for Bourbon Offshore. Skroget er bygd hos Vard Tulcea i Romania, og slept til Brattvåg for

utrustning. Normalt bruker Vard Brattvaag 4-5 månader på slike oppdrag, men situasjonen i oljesektoren gjer at rederiet ikkje har konkrete oppdrag for skipet, og utrustningstida er avtalt til elleve månader. Dette har gjort at framdrifta på skipet ikkje er komen så langt som planlagt tidlegare i år – skroget kom til Brattvåg i byrjinga av mars.

Etter orienteringa vart vi delt inn i tre grupper for omvisning om bord. Geir, Per Stian og Arne Langenes var dyktige og kunnskapsrike guidar for interesserte flokkar av rotarianarar, og tidsrammene blei som vanleg sprengt. Der var ein stor del av lokalprodusert utstyr om bord, kjente namn som Brunvoll, Jets, Pyro, Rolls-Royce, IP Huse og andre var å sjå på merkeskilta.

Etter omvisninga om bord gjekk ferda til Brattvåg Hotell, der Trond varta opp med vel-smakande bacalao etterfulgt av heimebakt eplekake. Det var stor stemning rundt borda, tonen var uformell og avslappa.

Kvelden var avslutta med Garasjebandet, leia av vårt rotarymedlem Arne Vågnes. Dei underholdt i to avdelingar med musikk frå dei fleste sin ungdom.

Alt i alt eit svært vellukka arrangement med stor oppslutning frå naboklubbane våre. All takk til Geir og Kamerat-

skapskomitèen som hadde regien denne kvelden.

Ref.: Jan H

30.06.2015 – Presidentskifte

Då var dagen komen for presidentskifte – Svein Hoel skal i komande rotaryår avløyse Geir Magne Ingeborgvik. Arrangementet vart som vanleg halde på Hautunet, med 40 frammøtte.

Geir leia første del av møtet. Det var ei stund sidan sist vi var samla på klubblokalet, og ein del bursdagar hadde hopa seg opp: Rolv Rørhus, Egil Pedersen, Sigrid Eidsvik, Helge Austbø, Lidvar Sunde og Elisabeth Davik.

Geir gjekk deretter over til oppsummering av rotaryåret sitt som president. Vi har hatt 42 møter, fordelt på ein del faste postar og ein del fritt valgte program. 25 av møta vart halde på Hautunet, alle med godt oppmøte. 3-minutta er gjeninnført. Vi hadde ei målsetting om å ta opp tre nye medlemmar, det har vi klart, det er ekstra gledeleg at alle tre er damer. Oppmøtet har vore frå 55% til 57%, noko som vi bør vere fornøgde med. Nesten 1.700 USD er samla inn til Rotary Foundation, Polio Pluss har fått ca. 600 USD. Økonomien er generelt god.

Ein del medlemmar fekk blomster for innsatsen sin med

takk for godt samarbeid og godt utført arbeid i både styret og dei ulike komitéane.

Så var tida komen for den formelle overtakinga av presidentvervet, Geir gav presidentkjedet sitt til Svein, som takka Geir for godt utført jobb med ein blomsterbukett.



Svein vil forsøke å gjere like godt arbeid som Geir – fleire komitèar er godt i gang, mellom anna er programmet for hausten allereie på plass.

Allsong høyrer med ved slike anledningar, Rotarysangen vart som vanleg teken fram.

Då var alt klart for servering, på menyen stod Jorunns fiskesuppe saman med heimebaka brød og god drikke. Etter at Kvæfjordkake (også frå Jorunn) og kaffe var fortært, gjekk vi mette og glade heim etter nok eit vellukka arrangement. All ære til Kameratskapskomitèen også for denne kvelden.

Ref.: Jan H